

Musikklytting og kreative uttrykksformer

TID: 60 minutt

UTSTYR OG FØREBUING: Speleliste med musikk med ulike uttrykk/stilar. De kan lage ei speleliste sjølv eller bruke lista som følgjer med i undervisningsopplegget. Bilete av kjenslene. Alle elevane skal ha eitt eksemplar kvar av alle kjenslene som skal nyttast i øvinga.

Oppstart

Syng saman songen «Ein del av meg».

Introduser temaet *musikk og kjensler*. Fortel elevane at musikk kan skape ulike kjensler i oss menneske. Når vi lyttar, syng eller spelar musikk, kan kjensler bli vekke i oss. Musikk kan til dømes gjere oss glade, ivrige, rolege, sinte, redde eller triste. Vi kan kjenne på nokre av dei same kjenslene når vi lyttar, syng eller spelar musikk saman. Vi kan også ha ulike opplevingar av musikken. Eitt og same musikkstykke kan til dømes gjere meg glad og deg trist.

Vi kan også oppfatte ulike kjensleuttrykk i musikken. Vi kan til dømes oppfatte musikk som glad musikk eller som trist musikk. Dette kan òg variere frå person til person. Eg kan oppfatte at musikken har eit trist uttrykk, medan du oppfattar han som meir sint. Om vi skal skildre musikken med hjelp av omgrepa *glad*, *trist*, *sint* og så bortetter, kan vi få ulike skildringar sjølv om musikken er den same. Det er nettopp fordi vi oppfattar og opplever musikken på ulike måtar. Det handlar om at måten vi opplever og forstår musikk på, er knytt til identitet, minne, historie og situasjon.

Øving 1 – Musikklytting og identifisering av kjensler

Del ut lappane med dei ulike kjenslene på. Alle elevane skal ha eitt eksemplar av kvar kjensle. Sjå på bileta saman og bli einige om kva for bilete som representerer dei ulike kjenslene. Sett på musikken frå spelelista og lytt saman. Be elevane lytte og avgjere kva for kjensle dei meiner passar til musikken, og velje ut eit bilete. Det er ingen fasit i denne øvinga, og det er ingen konkurranse. Hensikta med øvinga er å sjå om elevane opplever musikken likt eller ulikt, og sjå kva for ulike kjenslebilete dei meiner kan passe til musikken. De kan gjerne spele av musikken fleire gongar og la elevane gjere øvinga meir enn éin gong.



Øving 2 – Dans og rørsle

Spel musikk frå spelelista. Spel til dømes 30 sekund frå kvar låt / kvart musikkstykk før de skiftar musikk. Be elevane lytte til musikken og røre seg etter musikken slik dei sjølv meiner passar. Det er også ei moglegheit at læraren spelar på musikkinstrument sjølv. Samtal om øvinga etterpå:

- Korleis var det å danse og røre seg til musikken? Korleis kjende du det i armane, beina, pusten og magen?
- Endra rørsle og dansen seg når musikken endra seg? Korleis?
- Kan ein bli meir glad eller trist av å danse og røre seg til musikk?

Øving 3 – Musikk og fargar

I denne øvinga skal elevane lytte til musikk, la seg inspirere av musikken og uttrykkje musikkopplevinga gjennom fargelegging og teikning (Oslo-filharmonien, 2024). De kan teikne og fargelegge til musikk som de sjølv vel, eller hente musikk frå spelelista som ligg ved i undervisningsopplegget. Undervegs og i etterkant av øvinga kan de snakke saman om kva for fargar elevane har valt, og kvifor.